

ÅRSMELDING 2017

BRUKARUTVALET I HELSE BERGEN

Samansetjing av utvalet pr. desember 2017

Faste medlemar:
Inge Aareskjold Fiskvik, FFO, leiar
Hjørdis Dahle, SAFO, nestleiar
Svein Nord Kristiansen, FFO
Dag Einar Liland, FFO
Marianne Clementine Håheim, FFO
Kirsten Eikanger Mjelde, FFO
Ida Carlsen Eide SAFO
Inger Lingjerde, Fylkeseldrerådet i Hordaland
Joe Aseerwatham, Innvandrerrådet
Frode Tony Bodin, RIO
Agnar Berland, Kreftforeningen

Varamedlemar:
1. Trude Aarseth, FFO
2. Anne Britt Skår Hopland, FFO
3. Karl johan Undal, FFO
4. Claus Ingebrigtsen, FFO
5. Bjørn T. Thomassen
1. Ulrikke Amundsen Tranberg, SAFO
2. Ingeleiv Haugen, SAFO
Roy Arne Nilsen, Kreftforeningen
Martin Monrad Reigstad, Fylkeseldrerådet
Sajjad Younas, Innvandrerrådet

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum Av Funksjonshemmedes Organisasjoner

RIO: Rusmisbrukernes interesseorganisasjon

Frå administrasjonen

Anne Sissel Faugstad, viseadministrerende direktør,

Administrativt ansvarleg for utvalet

Magne Høgelid, rådgivar, Seksjon for helsetenesteutvikling/

Sekretariat for utvalet

Oppgåver og aktivitetar

Brukarutvalet har halde 10 møter og har behandla i alt 100 saker i 2017.

Det har også i 2017 vore stor aktivitet i Brukarutvalet. Viseadministrerende direktør har som regel deltatt på møta i utvalet for å orientere om aktuelle saker i Helse Bergen. Eit slikt bindeledd mellom brukarutval og leiing har vist seg nødvendig for at brukarrepresentantane har kunne halde seg oppdatert og gjer det mogeleg for direkte innspel til administrasjonen. Utvalet opplever leiinga som merksame for innspel dei får frå brukarrepresentantane.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmeldinga og som viser aktuelle prosjekt med brukarmedverknad pr. desember 2017.

Det er pr. desember 2017 registrert 90 ulike arbeidsgrupper, prosjekt, program eller utval der brukarmedverknad er innmeldt etter førespurnad. Innanfor felte psykisk helse deltar brukarane i 18 prosjekt og innan samhandling med kommunane er det deltaking frå brukarane i 12 utval eller prosjekt/arbeidsgrupper. Brukarutvalet har representantar i alle dei 4 samarbeidsutvala, som kvar har minst 4 møter årleg. Det har i 2017 i tillegg vore arbeid spesielt mykje med:

* Styrking av brukarmedverknad på systemnivå i Helse Bergen.

- Utviding av erfaringspanel psykisk helse med brukarar innan rusfeltet.
- Utviding av brukarutvalet gjennom representasjon frå Innvandrerrådet.

* Medverknad innanfor forskingsprosjekt i Helse Bergen.

* Innsats inn i arbeidet med ny strategiplanplan i Helse Bergen.

* Ny start for prosjekt om langvarige og koordinerte tenester, med undergrupper med særskild fokus på eldre og unge pasientar.

Status for brukarmedverknad i Helse Bergen

Brukarutvalet har i perioden halde kontakt med paraplyorganisasjonane og dei einskilde interessorganisasjonane. I mange prosjekt er det naturleg å nytte den spesialiserte kompetansen som medlemmane av einskildorganisasjonar har. Det er Brukarutvalet som avgjer kva type representasjon som trengs og som opprettar kontakt

med rett person. Det har nokre gonger vore nødvendig å gå tilbake til den i føretaket som har spurt etter brukarrepresentant for i større grad å kunne vite kor mykje tid oppdraget vil ta, og kva for ein kompetanse som trengs. Fleire førespurnadar til utvalet ber i tillegg preg av å komme seint, enten rett før oppstart av prosjekt eller i verste fall etter oppstart. I året som har gått har særleg dei førespurnadane som gjeld forskingsprosjekt vist dette. Det vil vere eit viktig arbeid å gjere brukarmedverknad like godt kjend i forskingsmiljøet som det er i andre delar av sjukehuset. Forskingsprosjekt må også i større grad bli merksame på retningslinjer for brukarmedverknad, for eksempel at økonomiske utgifter for brukarrepresentanten skal dekkast av tildelte middel.

Medlemmane i Brukarutvalet har ofte vore nytta som føredragshaldarar. Mellom anna på lærings- og meistringskurs med fokus på pasient- og pårøranderollen og i helsefagopplæring. Utvalet var som vanleg også representert ved den årlege Innovasjonscampen.

Rekneskap

Brukarutvalet har i 2017 hatt eit forbruk som er innanfor budsjetterte rammer. Utvalet har hatt nye kostnader for fast deltaking på styremøta i Helse Bergen og ved at utvalet har blitt utvida med ein representant. Det har også vore ein auke i talet på møter i fleire prosjekt. Nye retningslinjer for medverknad i Helse Vest har også gitt auke i honorarsatsane frå april 2017. Saman med at fleire prosjektarbeid har vore langvarige, har desse økonomiske utfordringane gjort det nødvendig å prioritere utgifter til møtehonorar. Middel til å sende medlemmar på aktuelle kurs og seminar har i hovudsak ikkje vore mogleg å prioritere. Vi håpar at auka rammer i 2018 kan gjere dette mogleg.

Budsjett	2017	616 000	
Rekneskap november	2017	547 000	

Bergen 11.01.2018

Inge Aareskjold Fiskvik
Leiar av Brukarutvalet i Helse Bergen

Vedlegg: Prosjektoversikt pr. 11.12.2017.